



DET KONGELEGE  
FINANSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 3

(1999-200)

---

Om samtykke til å setje i kraft ein tilleggsavtale til skatteavtalen mellom Noreg og Frankrike av 19. desember 1980 med tilleggsavtalar av 14. november 1984 og 7. april 1995, underskriven i Oslo den 16. september 1999

*Tilråding frå Finans- og tolldepartementet av 8. oktober 1999, godkjend i statsråd same dagen.*

Om samtykke til å setje i kraft ein tilleggsavtale til skatteavtalen mellom Noreg og Frankrike av 19. desember 1980 med tilleggsavtalar av 14. november 1984 og 7. april 1995, underskriven i Oslo den 16. sep-

## 1 Innleiing

Den 16. september 1999 blei det i Oslo underskrive ein tilleggsavtale til skatteavtalen mellom Noreg og Frankrike av 19. desember 1980 slik denne avtalen lyd med endringane av 14. november 1984 og 7. april 1995. Samtykke til underskriving blei gitt i Kongeleg resolusjon av 20. august 1999. Tilleggsavtalen blei på vegner av Noreg underskriven av utanriksråd Bjarne Lindstrøm og på vegner av Frankrike av ambassadør Patrick Henault.

Kvar stat skal gi den andre melding om når dei nødvendige stega er tekne for at avtalen kan tre i kraft. Tilleggsavtalen vil tre i kraft på den første dagen i den andre månaden som følgjer etter dagen då den siste av desse meldingane er mottekne. Tilleggsavtalen vil få verknad for inntekter mottekne frå og med 1. januar 2000. Artikkel 1 punkt 4, som gjeld dei franske kultursentra Centres Culturels Français, vil få verknad for inntekter mottekne frå og med 1. januar 1997.

Om samtykke til å setje i kraft ein tilleggsavtale til skatteavtalen mellom Noreg og Frankrike av 19. desember 1980 med tilleggsavtalar av 14. november 1984 og 7. april 1995, underskriven i Oslo den 16. sep-

## 2 Generelle merknader

Tilleggsavtalen til skatteavtalen mellom Noreg og Frankrike kom i stand for å løyse ei usemje mellom norske og franske skattestyresmakter om rekkjevidda av artikkel 19. Saka blei teke opp gjennom brevveksling mellom finansministre i dei to landa og blei også nemnd i samtaler statsminister Bondevik hadde med statsminister Jospin og president Chirac 8. og 9. oktober 1998. Etter ei tid med brevveksling blei dei to landa samde om å endre artikkel 19 og det blei halde eit forhandlingsmøte i Paris i desember 1998. Dette møtet resulterte i eit framlegg som, med nokre mindre endringar, blei parafert i juni 1999. Tilleggsavtalen inneber at artikkel 19 i avtalen blir tilnærma lik artikkel 19 i OECD sin mønsteravtale, men med dei skilnadene som svarar til dei reservasjonane Frankrike hadde då mønsteravtalen blei vedteken. Ein har dessutan teke med ein særregel som gjeld løn utbetalt frå dei franske kultursentra i Noreg.

### 3 Merknader til de einskilde artiklane

Artikkel 1 fastset at artikkel 19 i skatteavtalen skal setjast ut or kraft og skiftast ut med ein ny artikkel 19.

Den nye *artikkel 19 nr 1 a)* svarar materielt sett til tidlegare artikkel 19 nr 1, men inneheld nokre språklege endringar. Ordet «godtgjørelse» er erstatta av «lønn og annen liknende godtgjørelse» i tråd med det nyaste OECD-mønsteret. Denne formuleringa presiserer at utbetalingsstaten sin eksklusive rett til å skattleggje berre gjeld betaling til dei tilsette og ikkje til dei som ytar uavhengige tenester, til dømes handverkarar.

Den nye *artikkel 19 nr 1 b)* er eit unntak frå artikkel 1 a). Utbetalingsstaten sin rett til å skattleggje gjeld ikkje løn til personar som er statsborgarar av den staten der tenestene blir utførte dersom dei ikkje også er statsborgarar av utbetalingsstaten. Ein har her følgd regelen i OECD-mønsteret om at utbetalingsstaten ikkje skal kunne skattleggje statsborgarar av arbeidsstaten, men teke omsyn til Frankrike sin reservasjon til denne artikkelen. Frankrike har reservert seg retten til å skattleggje personar som er løna av den franske staten og som har dobbelt statsborgarskap.

Den nye *artikkel 19 nr 2* er uendra samanlikna med tidlegare artikkel 19 nr 2.

Den nye *artikkel 19 nr 3* er uendra samanlikna med tidlegare artikkel 19 nr 3 bortsett frå at «godtgjørelse» er erstatta med «lønn og annen liknende godtgjørelse».

Den nye *artikkel 19 nr 4* fastset at løn utbetalt frå dei franske kultursentra, Centres Culturels Français, skal dekkjast av nr 1, men at Frankrike sin rett til å skattleggje gjeld på vilkår av at lønen blir skattlagd i Frankrike. Dei franske kultursentra blir drivne av den franske staten og har som formål å spreia kjennskap til fransk kultur og fransk språk og å fremje kulturutveksling mellom Noreg og Frankrike.

*Artikkel 2* inneheld reglar om når avtalen skal tre i kraft og når han sluttar å gjelde.

I samsvar med *artikkel 2 nr 1* trer tilleggsavtalen i kraft på den første dagen i den andre månaden som følgjer etter at begge statane har gitt kvarandre melding om at dei nødvendige stega er tekne for at avtalen kan tre i kraft. Tilleggsavtalen vil få verknad for løn og anna godtgjersle motteken frå og med 1. januar 2000.

For løn utbetalt frå dei franske kultursentra er tidspunktet avtalen skal få verknad skyvd attende, jf *artikkel 2 nr 2*. Når tilleggsavtalen er trådt i kraft vil den ha verknad for løn utbetalt frå dei franske kultursentra som er motteken frå og med 1. januar 1997.

Om samtykke til å setje i kraft ein tilleggsavtale til skatteavtalen mellom Noreg og Frankrike av 19. desember 1980 med tilleggsavtalar av 14. november 1984 og 7. april 1995, underskriven i Oslo den 16. sep-

Finans- og tolldepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til å setje i kraft ein tilleggsavtale til skatteavtalen mellom Kongeriket Noreg og Republikken Frankrike av 19. desember 1980 med tilleggsavtalar av 14. november 1984 og 7. april 1995, underskriven i Oslo den 16. september 1999.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til å setje i kraft ein tilleggsavtale til skatteavtalen mellom Kongeriket Noreg og Republikken Frankrike av 19. desember 1980 med tilleggsavtalar av 14. november 1984 og 7. april 1995, underskriven i Oslo den 16. september 1999, i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Finans- og tolldepartementet ligg ved.

---

Om samtykke til å setje i kraft ein tilleggsavtale til skatteavtalen mellom Noreg og Frankrike av 19. desember 1980 med tilleggsavtalar av 14. november 1984 og 7. april 1995, underskriven i Oslo den 16. sep-

## Vedlegg 1

Avenant à la Convention entre le Gouvernement du Royaume de Norvège et le Gouvernement de la République française en vue d'éviter les doubles impositions, de prévenir l'évasion fiscale et d'établir des règles d'assistance administrative réciproque en matière d'impôts sur le revenu et sur la fortune (ensemble un protocole et un protocole additionnel), signée à Paris le 19 décembre 1980 et modifiée par les avenants du 14 novembre 1984 et du 7 avril 1995

Le Gouvernement du Royaume de Norvège et le Gouvernement de la République française, désireux de modifier la Convention entre les deux Gouvernements en vue d'éviter les doubles impositions, de prévenir l'évasion fiscale et d'établir des règles d'assistance administrative réciproque en matière d'impôts sur le revenu et sur la fortune (ensemble un protocole et un protocole additionnel), signée à Paris le 19 décembre 1980 et modifiée par les avenants du 14 novembre 1984 et du 7 avril 1995 (ci-après dénommée «la Convention»), sont convenus des dispositions suivantes:

### Article 1

L'article 19 de la Convention est supprimé est remplacé par l'article suivant:

### «Article 19

#### Fonctions publiques

1. (a) Les salaires, traitements et autres rémunérations similaires, autres que les pensions, payés par un Etat ou l'une de ses collectivités locales, ou par l'une de leurs personnes morales de droit public, à une personne physique, au titre de services rendus à cet Etat ou à cette collectivité, ou à cette personne morale de droit public, ne sont imposables que dans cet Etat.

(b) Toutefois, ces salaires, traitements et autres rémunérations similaires ne sont imposables que dans l'autre Etat si les services sont rendus dans cet Etat et si la personne physique est un résident de cet Etat qui possède la nationalité de cet Etat sans posséder en même temps la nationalité du premier Etat.

2. Les pensions payées par un Etat ou l'une de ses collectivités locales, ou par l'une de leurs personnes morales de droit public, soit directement, soit par prélèvement sur des fonds qu'ils ont constitués, à une personne physique, au titre de services rendus à cet Etat ou à cette collectivité, ou à cette personne morale de droit public, ne sont imposables que dans cet Etat.

3. Les dispositions des articles 15, 16 et du paragraphe 2 de l'article 18 s'appliquent aux salaires, traitements et autres rémunérations similaires, ainsi qu'aux pensions payés au titre de services rendus dans le cadre d'une activité industrielle ou commerciale exercée par un Etat ou l'une de ses collectivités locales, ou par l'une de leurs personnes morales de droit public.

Om samtykke til å setje i kraft ein tilleggsavtale til skatteavtalen mellom Noreg og Frankrike av 19. desember 1980 med tilleggsavtalar av 14. november 1984 og 7. april 1995, underskriven i Oslo den 16. sep-

4. Les dispositions des articles 15, 16 et du paragraphe 1 sont également applicables à de tels salaires, traitements et autres rémunérations similaires payés par les Centres Culturels Français mais seulement dans la mesure où ces salaires, traitements ou autres rémunérations similaires sont imposables en France».

### Article 2

1. Chacun des Etats notifiera à l'autre l'accomplissement des procédures requises en ce qui le concerne pour la mise en vigueur du présent Avenant. Celui-ci entrera en vigueur le premier jour du deuxième mois suivant le jour de réception de la dernière de ces notifications et ses dispositions s'appliqueront aux revenus perçus à compter du 1er janvier 2000.

2. Nonobstant les dispositions du paragraphe 1 de cet article, l'Avenant s'appliquera aux revenus payés par les Centres Culturels Français à compter du 1er janvier 1997.

3. L'Avenant demeurera en vigueur aussi longtemps que la Convention.

En foi de quoi les soussignés, dûment autorisés à cet effet, ont signé le présent Avenant.

Fait à Oslo le 16 septembre 1999 en double exemplaire en langue française.	
Pour le Gouvernement	Pour le Gouvernement
du Royaume de Norvège	République française
Bjarne Lindstrø	Patrick Henault
(sign.)	(sign.)

Tilleggsoverenskomst til overenskomsten mellom Kongeriket Norges Regjering og Den Franske Republikkens Regjering til unngåelse av dobbeltbeskatning, forebyggelse av skatteunndragelse og gjennomføring av gjensidig administrativ bistand med hensyn til skatter av inntekt og formue (inkludert en protokoll og en tilleggsprotokoll) undertegnet i Paris 19. desember 1980 og endret ved protokoller av 14. november 1984 og av 7. april 1995

Den Franske Republikkens Regjering og Kongeriket Norges Regjering som ønsker å endre overenskomsten mellom de to regjeringene om unngåelse av dobbeltbeskatning, forebyggelse av skatteunndragelse og gjennomføring av gjensidig administrativ bistand med hensyn til skatter av inntekt og formue (inkludert en protokoll og en tilleggsprotokoll) undertegnet i Paris 19. desember 1980 og endret ved protokoller av 14. november 1984 og av 7. april 1995 (heretter kalt «Overenskomsten») er blitt enige om følgende bestemmelser:

### Artikkel 1

Artikkel 19 i Overenskomsten skal oppheves og erstattes med følgende:

Om samtykke til å setje i kraft ein tilleggsavtale til skatteavtalen mellom Noreg og Frankrike av 19. desember 1980 med tilleggsavtalar av 14. november 1984 og 7. april 1995, underskriven i Oslo den 16. sep-

### «Artikkel 19

#### Offentlig tjeneste

1. a) Lønn og annen liknende godtgjørelse, unntatt pensjon, som utredes av en stat, en av dens lokale forvaltningsmyndigheter eller en av dens offentligrettslige juridiske personer til en fysisk person for tjenester som er ytet denne stat eller forvaltningsmyndighet eller offentligrettslig juridisk person skal bare kunne skattlegges i denne stat.

b) Slik godtgjørelse skal imidlertid kunne skattlegges bare i den annen stat hvis tjenestene er utført i denne stat og mottakeren er bosatt i denne stat og er statsborger av denne stat uten samtidig å være statsborger av den førstnevnte stat.

2. Enhver pensjon som utredes av eller ved belastning av fond, opprettet av en stat eller av en av dens lokale forvaltningsmyndigheter, eller en av dens offentligrettslige juridiske personer, til en fysisk person i anledning av tjenester som er ytet denne stat eller en av nevnte forvaltningsmyndigheter eller offentligrettslige juridiske personer, skal bare kunne skattlegges i denne stat.

3. Bestemmelsene i artiklene 15, 16 og artikkel 18 punkt 2 skal få anvendelse på lønn og annen liknende godtgjørelse og pensjon i anledning tjenester som er ytet i forbindelse med forretningsvirksomhet drevet av en stat eller en av dens lokale forvaltningsmyndigheter, eller en av dens offentligrettslige juridiske personer.

4. Bestemmelsene i punkt 1 skal også få anvendelse på slik lønn og annen liknende godtgjørelse betalt av Centres Culturels Français men bare i den utstrekning slik lønn og annen liknende godtgjørelse er gjenstand for beskatning i Frankrike.»

#### Artikkel 2

1. Hver stat skal gi den annen underretning om når de krav som for den stats del stilles for at denne tilleggsoverenskomst skal kunne tre i kraft er oppfylt. Denne tilleggsoverenskomsten skal tre i kraft på den første dag i den andre måned som følger etter dagen for mottagelsen av den siste av disse underretningene, og dens bestemmelser skal ha virkning for inntekter mottatt fra og med 1. januar 2000.

2. Uansett bestemmelsene i punkt 1 i denne artikkelen, skal bestemmelsene i denne tilleggsoverenskomsten ha virkning for inntekter betalt av Centres Culturels Français som er mottatt fra og med 1. januar 1997.

3. Denne tilleggsoverenskomsten skal forbli i kraft like lenge som Overenskomsten.

Til bekreftelse av foranstående har de undertegnede, som er behørig bemyndiget til det, underskrevet denne tilleggsoverenskomsten.

Utferdiget i Oslo den 16. september 1999 i to eksemplarer på fransk.	
For Kongeriket Norges Regjering	For den Franske Republikkens Regjering
Bjarne Lindstrø	Patrick Henault
(sign.)	(sign.)



Om samtykke til å setje i kraft ein tilleggsavtale til skatteavtalen mellom Noreg og Frankrike av 19. desember 1980 med tilleggsavtalar av 14. november 1984 og 7. april 1995, underskriven i Oslo den 16. sep-

